



Kommunal og moderniseringsdepartementet

Sakshands.: SAT
Direktetlf.: 56 32 75 51

Vår ref.: 16/337-6
Arkiv:

Dykkar ref.:

Dato: 01.03.2016

Høyringsuttale

Det vert vist til høyringsbrev frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet med framlegg til nytt inntektssystem for kommunane. Sund kommune ved Formannskapet handsama dette på eige møte 01.03.2016, innan fristen for høyringa.

Sund kommune si høyringsuttale omfattar 9 korte punkt:

1. Kort om tid/frist for denne høyringa

Sund kommune fekk oppunder jul 2015 høyringsbrev om nytt inntektssystem. Norske kommunar starta rett over nyttår med års –og rekneskapsoppgjer for 2015, noko som for mange kommunar er ressurs- og tidkrevjande lovpålagte oppgåver. Ein vonar at slike viktige høyringar for framtida vert lagt til andre tider og/eller med lengre frist for å sikra betre prosess.

2. Generelt om inntektssystem

Sund kommune meiner inntektssystemet i hovudsak er eit fornuftig og rettvist system for å fordela inntektene, der ein har grunnleggjande prinsipp om full kompensasjon for ufrivillige kostnadsulemper. Inntektssystemet er ikkje eit refusjonssystem og kan ikkje vera eit insentivsystem.

3. Likeverdige tenester

Sund kommune forventar at staten sørgjer for at kommunane sine økonomiske råmer vert fordelt slik at innbyggjarane i heile landet får sikra tilbod om likeverdige velferdstenester, dette er viktig for busetnad og vekst utanfor storbyane og tettbygde strok.

4. Kostnadsnøklar

Det er viktig med føreseielege råmer for kommunane. Kostnadsnøklane bør såleis oppdaterast oftare enn i dag, minst annakvart år. Vekting mellom sektorane bør skje kvart år. For å unngå at nokre effektar vert overvurdert enkelte år og for å redusera svingingar, bør det nyttast snitt av siste 4 år. Døme er veksttilskotet som baserer seg på snitt siste tre år.

5. Innbyggjarar med differensierte behov

Dei fleste vekstkommunar opplever sterk auke i utgifter til innbyggjarar med differensierte behov, det kan til dømes vera funksjonshemma, flyktningar med særskilde behov, spesialundervisning, barnevern, sosialhjelp omsorg. Sund kommune saknar eit inntektssystem med full kompensasjon for ufrivillege kostnadsulemper. Sund kommune er uroa over departementet sitt framlegg til delkostnadsnøkkel for personar med psykisk

utviklingshemming. Kriteria i framlegget frå Regjeringa for pleie og omsorg er at dette kriteriet er vekta betydeleg ned, noko som kan svekka lokale tenestetilbod for brukargruppa.

6. Kommunale vegar

På lik line med mange andre kommunar er ein ikkje samde i å utelata kommunale vegar frå utgiftsutjamninga. Ein ber såleis om at kommunale vegar vert eigen delkostnadsnøkkel for å sikra kommunane full kompensasjon for ufrivillige kostnadsulemper. Dette har og samanheng med å kunne utvikla nye bustad –og næringsområde.

7. Barnehagar

Sund kommune meiner delkostnadsnøkkel for barnehagar (begge framlegg) har for låg forklaringskraft på kommunenivå. Kommunar med høg del tilsette innan jordbruk, fiske, og servicenæringar kjem dårleg ut av begge modellane, tilsynelatande utan korrelasjon med reell dekningsgrad i kommunane.

8. Strukturkriteriet

Det er bykommunar med meir enn 30.000 innbyggjarar og dei aller minste kommunane med lange reiseavstandar som tener på innføringa av dette kriteriet. Sund kommune er vekstkommune med umiddelbar nærleik til Bergen. Det kan få uheldige konsekvensar for framtidig busetjing i landet- og ein er usikker på om «sentralisering» vert vidareført i eventuell kommunereform. Sund kommune har mål om å fortetta lokalsenteret, dette har vore heilt i tråd med fylkeskommunal og statleg politikk. Ein kan no verte straffa i det nye systemet då ein kan verte klassifisert som frivillig små fordi folk bur tett i eigen kommune. Dersom departementet går vidare med å bruka den føreslegne modellen til å berekna om kommunar er frivillig eller ufrivillig små, må det utviklast eit system som fangar opp nyansar kring geografi, pressområder utover reiseavstandar til nærkommunar og utover reisetid internt i eigen kommune, -slik det er lagt opp til i forslaget.

9. Fylkesmennene sine skjønnsmidlar

Det er positivt at ein kan sjå gradvis endring av politikken frå storleik på kommunen til reelle «distriktsutfordringar». Fylkesmennene sine råmer for skjønnsmidlar bør styrkast for å ta høgde for ulike skjønnsmessige vurderingar som fell utanfor modellen.

10. Inntekter, selskapsskatt, skatteutjamning

Sund kommune meiner kommunane bør ha viss grad av økonomisk sjølvstende og moglegheit for å behalda ein del av inntekter og verdiar som vert skapt i eige lokalsamfunn, men selskapsskatt kan medverke tap av inntekter (hovudkontoret vs. reell lokasjon for verdiskaping). Ei stor variasjon av inntekter i selskapsskatten kan medføra uføreseieleg drift grunna konjunkturar i til dømes eksportnæringar som havbruk, fiskeri- foredling og marine næringar med vidare. Sund ser det som viktig å oppretthalda minimum den skatteutjamninga som ein har i dag.

Med helsing
Stig Arne Thune
rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.